

Reglement for byggenemnd i Radøy kommune

A. Val og samansetjing

Byggenemnda har 3 medlemmer med 3 varamedlemmer som utgår frå kommunestyret (inkludert vararepresentantar) og vert valde av kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i byggenemnda.

B. Ansvarsområde

1. Prosjekt som gjeld nybygg og ombygging - inkludert VA-prosjekt, med kostnadsramme som hovudregel 2 millionar kroner eller over er byggenemnda sitt ansvarsområde. Vanleg vedlikehald er utanfor ansvarsområdet.
2. Byggenemnda har innspel- støtte- og pådrivarfunksjon i prosjektgjennomføringa.

B. Tildeling av oppdrag

Byggenemnda får oppdraga sine frå kommunestyret eller formannskapet gjennom godkjenning av prosjektmandat.

C. Møte

Leiar kallar byggenemnda saman til møte når leiar finn dette naudsynt, når to av medlemene krev det eller når kommunestyret eller formannskapet krev det. Møteinnkalling skal sendast ut ei veke på førehand.

Saksdokumentata skal sendast til medlemmer og varamedlemmer, samt ordførar og rådmann.

Ordførar og rådmann, eller den som møter på vegne av rådmannen, har møte-, tale og forslagsrett i nemnda.

Nemnda kan kalla inn andre til å ta del i møta når nemnda finn det ynskjeleg. Andre som vert kalla inn, har berre talerett.

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast til medlemmer og varamedlemmer, samt ordførar og rådmann.

D. Sekretariat

Administrasjonen med den rådmannen utpeikar har sekretariatsfunksjonen for byggenemnda. Det skal førast møtebok som skal underskrivast av dei medlemene som er til stades. Alle dokumentata som gjeld nemnda sitt arbeid, skal arkiverast på vanleg måte.

E. Generelt

Reglement for kommunestyret gjeld så langt det høver.